



Arkivnr: 2019/2185-1  
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		12.03.2019

## Uttale - Høyring forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring

### Samandrag

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring. Høyringa er open slik at alle som ønskjer det, kan levere uttale. Fylkesdirektør opplæring har oppfordra dei vidaregåande skulane til å levere eigne høyringsuttalar. Høyringsuttalen som det vert fatta vedtak om i denne saka, vert levert som uttale frå skuleeigar.

Frist for å sende høyringsuttale er sett til 21. mars 2019.

I oktober 2016 vart det sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å vurdere organiseringa av skuleåret i lys av utfordringar knytt til undervisningstid, eksamen og eksamensførebuingar. Bakgrunnen for oppdraget var at NIFU har funne at eksamensperioden er den enkeltårsaka som fører til at flest undervisningstimar fell bort. I dag vert i overkant av 2 veker av skuleåret sett av til sentralt gitt skriftleg eksamen. I tillegg kjem ein periode på om lag 2 veker som vert disponert til munnleg og munnleg-praktisk eksamen. I praksis betyr det at eksamensperioden startar like etter 17. mai og vert avslutta ved slutten av skuleåret. Elevar som ikkje er trekt ut til eksamen, skal ha ordinær opplæring, jf. forskrift til opplæringslova (forskrifta) § 1-4, men dette kan by på utfordringar slik det vart peika på av NIFU.

På bakgrunn av arbeidsgruppa sine tilrådingar har departementet bestemt å sende fire framlegg til endring i organiseringa av skuleåret på høyring.

Forslaga går ut på:

- Avkorting av eksamensperioden ved at eksamen på studieførebuande kan gjennomførast på fem dagar ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane normalt tek på Vg3.
- Offentleggjeringa av eksamenstrekket vert flytta, slik at elevane/deltakarane blir kjent med trekket tidlegare, t.d. to eller tre veker før første eksamen.
- Standpunktarakterar vert ikkje lenger sett før lokalt gitt eksamen er gjennomført. Det er gjort forslag om fleire alternative endringar, m.a. at standpunktarakterar skal setjast seinast dagen før fellessensurmøtet, samstundes som eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentligjerast før etter fellessensurmøte.
- Det ikkje er naudsynt at skuleåret varer i 38 veker, så lenge all opplæring vert gjennomført. Det er gjort forslag om fleire alternativ endring.

**Økonomi:** Økonomisk effekt skal utgreiast nærare av utdanningsdirektoratet.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

## Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev slik uttale:

1. Eksamensperioden vert avkorta ved at eksamen på studieførebuande utdanningsprogram kan gjennomførast på fem dagar ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane normalt tek på Vg3.

- a. Meiner de at eksamensperioden bør komprimerast til fem dagar ved å halde alle sentralt gitte eksamenar på Vg3 (studieførebuande) i løpet av to dagar?  
Svar: Ja

- b. Vil eit slikt forslag gjere det lettare for skulane å planlegge og gjennomføre opplæringa i tråd med årstimetalet?  
Svar: Ja

- c. Ser de andre økonomiske eller administrative konsekvensar av framlegget?  
Svar: Veit ikkje

Kommentar: I høyringsbrevet skriv Utdanningsdirektoratet at dei økonomiske og administrative konsekvensane for fylkeskommunane skal ytterlegare utgreiast.

Hordaland fylkeskommune har svært mange privatistar. Ved ei komprimering av eksamensperioden kan det vere utfordrande å finne tilstrekkeleg lokale til avvikling av eksamen. Det kan medføre auka leigekostnader og auka kostnader til vakthald m.m. Det er viktig at også dette vert vurdert som ein del dei økonomiske og administrative konsekvensane.

2. Offentleggjinga av eksamenstrekket vert flytta, slik at elevane/deltakarane blir kjent med trekket tidlegare, t.d. to eller tre veker før første eksamen.

- a. Vil ei endring av offentliggjing av trekket gjere det enklare å planlegge undervisninga?  
Svar: Ja

- b. Dersom de ønskjer ei endring, kva alternativ føretrekkjer de?  
Svar: Alt. 1, 10 yrkedagar før eksamen

- c. Meiner de tidspunktet for offentliggjing av trekk bør gjelde både sentralt gitt og lokalt gitt eksamen?  
Svar: Ja

- d. Meiner de trekket skal offentliggjerast felles for alle fag, eller meiner de det framleis skal vere skilje mellom sentralt gitte og lokalt gitte eksamenar?  
Svar: Felles for alle

- e. Vil forlaget føre til andre økonomiske eller administrative konsekvensar?  
Svar: Nei

3. Standpunktcharakterar vert ikkje lenger sett før lokalt gitt eksamen er gjennomført. Det er gjort forslag om fleire alternative endringar, m.a. at standpunktcharakterar skal setjast seinast dagen før fellessensurmøtet, samstundes som eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentliggjerast før etter fellessensurmøte.

- a. Vil ei endring i føresegna i forskrift til opplæringslova § 3-18 om fastsetting av standpunktcharakterar i fag med lokalt gitt eksamen bidra til at årstimetalet i større

grad vert oppfylt?

Svar: Ja

- b. Vil det vere ei god løysing at eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentleggjerast før etter fellessensurmøtet og at standpunktkarakterar i alle fag skal fastsetjast før dette møtet?

Svar: Ja

- c. Vil forslaget føre med seg andre økonomiske eller administrative konsekvensar?

Svar: Ja

Kommentarar: Endringane kan føre til komprimert tidsrom for klagebehandling. Det kan gje auka arbeidspress på dei fylkeskommunale klagenemndene i ein periode. Når eksamens- og standpunktkarakterar får om lag same offentleggjeringsdato, vil det vere enklare å kommunisere ut tidspunkt for offentleggjering.

4. Det er ikkje naudsynt at skuleåret varer i 38 veker, så lenge all opplæring vert gjennomført. Det er gjort framlegg om fleire alternativ til endring.

- a. Vil ei endring av føresegna til opplæringslova § 3-2 om lengda på skuleåret i større grad gjere det mogeleg å oppfylle årstimetalet før eksamenstida begynner?

Svar: Ja

- b. Dersom ja, kva for alternativ føretrekkjer de?

Svar: Alt. 3, Skuleåret skal strekkje seg over minst 180 dagar. Elevane skal ha minst 7 veker samanhengande ferie.

5. Iverksetting

- a. Støttar de vår vurdering av når endringane kan tre i kraft?

Svar: Ja

6. Anna

- a. Har de innspel til andre endringar som kan bidra til at årstimetalet i større grad vert oppfylt?

Svar: Nei

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.02.2019**

Utdanningsdirektoratet har sendt på høyring forslag til endring i organisering av skuleåret i vidaregåande opplæring. Høyringa er open, slik at alle som ønskjer det kan levere uttale. Fylkesdirektør opplæring har oppmoda dei vidaregåande skulane om å levere eigne høyringsuttalar. Høyringsuttalen som det vert fatta vedtak om i denne saka, vert levert som uttale frå skuleeigar.

Frist for å sende høyringsuttale er sett til 21. mars 2019.

I oktober 2016 vart det sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å vurdere organiseringa av skuleåret i lys av utfordringar knytt til undervisningstid, eksamen og eksamensførebuingar. Bakgrunnen for oppdraget var at NIFU har funne at eksamensperioden er den enkeltårsaka som fører til at flest undervisningstimar fell bort. I dag vert i overkant av 2 veker av skuleåret sett av til sentralt gitt skriftleg eksamen. I tillegg kjem ein periode på om lag 2 veker som blir disponert til munnleg og munnleg-praktisk eksamen. I praksis betyr det at eksamensperioden startar like etter 17. mai og vert avslutta ved slutten av skuleåret. Elevar som ikkje er trekte ut til eksamen, skal ha ordinær opplæring, jf. forskrift til opplæringslova (forskrifta) § 1-4, men dette kan by på utfordringar slik det vart peika på av NIFU.

På bakgrunn av arbeidsgruppa sine tilrådingar har departementet vedteke å sende fire framlegg til endring i organiseringa av skuleåret på høyring.

Forslaga går ut på:

1. Avkorting av eksamensperioden ved at eksamen på studieførebuande utdanningsprogram kan gjennomførast på fem dagar ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane normalt tek på Vg3.
2. Offentleggjeringa av eksamenstrekket vert flytta, slik at elevane/deltakarane blir kjende med trekket tidlegare, t.d. to eller tre veker før første eksamen.
3. Standpunktarakterar vert ikkje lenger sette før lokalt gitt eksamen er gjennomført. Det er gjort framlegg om fleire alternative endringar, m.a. at standpunktarakterar skal setjast seinast dagen før fellessensurmøtet, samstundes som eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentliggjerrast før etter fellessensurmøte.
4. Det er ikkje naudsynt at skuleåret varer i 38 veker, så lenge all opplæring vert gjennomført. Det er gjort framlegg om fleire alternativ til endring.

Utdanningsdirektoratet har stilt eitt eller fleire spørsmål til dei fire hovudutfordringane. Spørsmåla skal svarast på med ja, nei eller veit ikkje og eventuelle kommentarar. Nedanfor følgjer fylkesrådmannen sitt forslag til høyringsuttale frå skuleeigar med kommentarar.

**1) Avkorting av eksamensperioden ved at eksamen på studieførebuande kan gjennomførast på fem dagar ved å ha to alternative eksamensdagar for alle trekkfag som elevane normalt tek på Vg3:**

Mener dere at eksamensperioden bør komprimeres til fem dager ved å avholde alle sentralt gitte eksamener i programfag på Vg3 (studieforbereidende) i løpet av to dager? Hvorfor/hvorfor ikke?

 Ja

 Nei

 Vet ikke

Svar: JA

## Kommentar:

Kortare eksamensperiode vil gje rom for lengre periode med ordinær undervisning i slutten av skuleåret. Skulane kan planlegge betre, slik at færre undervisningstimar fell bort.

For å opne for alle kombinasjonar av programfag på fem dagar må det vere to alternative eksamensdagar for trekkfaga, og det må utarbeidast to alternative oppgåvesett. Det kan medføre at elevar kan oppfatte oppgåvene som urettferdige basert på eigen kompetanse eller at oppgåvene har ulik vanskegrad. Det kan igjen føre til debatt om kor pålitelege eksamensresultata er og om oppgåvesetta måler elevane sin kompetanse på same måte. Det vil difor vere viktig å legge ned mykje ressursar i kvalitetssikring av oppgåvene.

Forslaget kan skape praktiske utfordringar i samband med avvikling av skriftleg eksamen for privatistar. Når det er mange fagkodar på same dag, kan talet på kandidatar bli svært høgt, noko som kan gjere det utfordrande å finne eigna lokale.

I innleiinga skriv Utdanningsdirektoratet at det skal må lagast to alternative oppgåvesett i dei sentrale programfaga. Sidan det er relativt få elevar som tek programfag i framandspråk på nivå III, reknar vi med at desse faga ikkje er rekna som sentrale programfag og at det difor ikkje er naturleg at det blir laga to alternative oppgåvesett i desse faga.

Talet på privatistar som tek programfag i framandspråk på nivå III, er relativt høgt, og fleirtalet av desse kandidatane tek berre denne eine skriftlege eksamenen.

Forslaget legg opp til at den største eksamensdagen for elevar vil blir fredagen. Dette gjeld truleg også for privatistar, og vi reknar med at det vil vere ekstra utfordrande å finne store nok lokale denne dagen.

Vi reknar med at det med «sentrale programfag» er meint dei programfaga det er vanlegast at elevar tek. Medan det er relativt få elevar som tek programfag i framandspråk på nivå III, er dette fag med mange privatistar. Vi foreslår at eksamen i programfag på nivå III og andre «ikkje sentrale programfag», der det ikkje er naturleg å laga alternative oppgåvesett, blir lagt til onsdag. Dette vil redusere presset på fredagen og kan bidra til at det blir enklare å avvikle privatisteksamen. Sidan det er få elevar som tek desse faga, vil dette truleg ikkje ha særleg innverknad på eleveksamen.

Vil et slikt forslag gjøre det lettere for skolene å planlegge og gjennomføre opplæringen i tråd med årstimetallet?



Ja



Nei

Vet ikke

Svar: JA

## Kommentar:

Kortare eksamensperiode vil gje rom for lengre periode med ordinær undervisning i slutten av skuleåret. Skulane kan planlegge betre, slik at færre undervisningstimar fell bort.

Ser dere andre økonomiske eller administrative konsekvenser av forslaget?



Ja



Nei

Vet ikke

Svar: Veit ikkje

Kommentar:

I høringsbrevet skriv Utdanningsdirektoratet at dei økonomiske og administrative konsekvensane for fylkeskommunane skal ytterlegare utgreiast.

Hordaland fylkeskommune har svært mange privatistar. Ved ei komprimering av eksamensperioden kan det vere utfordrande å finne tilstrekkeleg lokale til avvikling av eksamen. Det kan medføre auka leigekostnader og auka kostnader til vakthald m.m. Det er viktig at også dette vert vurdert som ein del av dei økonomiske og administrative konsekvensane.

2) **Offentleggjeringa av eksamenstrekket vert flytta, slik at elevane/deltakarane blir kjent med trekket tidlegare, t.d. to eller tre veker før første eksamen.**

Vil en endring av offentliggjøring av trekket gjøre det lettere å planlegge undervisningen?

Ja  Nei  Vet ikke

Svar: Ja

Kommentar:

Tidlegare offentliggjøring av trekket vil gjere det enklare for skulane å planlegge siste del av skuleåret.

Hvis dere ønsker en endring, hvilket alternativ foretrekker dere?

Velg ett alternativ

Alt 1: 10 virkedager før eksamen  
 Alt 2: 15 virkedager før eksamen  
 Alt 3: 20 virkedager før eksamen  
 Alt 4: Annet (mer enn 4 uker)

Svar: Alt 1: 10 yrkedagar før eksamen

Kommentar:

Eksamensperioden i mai fell ofte saman med mange heilagdaggar. Fylkesrådmannen meiner difor at offentliggjøring av trekket bør gjerast 10 yrkedagar før perioden for skriftleg eksamen startar.

Flytting av eksamenstrekket vil gje elevane betre tid til å førebu seg til eksamen. I dagens ordning er det svært ulik tid til førebuing avhengig av om eksamen som eleven vert trekt ut til, kjem tidleg eller seint i eksamensperioden.

I høringssskrivet vert det diskutert om tidlegare offentliggjøring av trekket vil føre til at elevane rettar fokuset sitt mot trekkfaget og nedprioriterer andre fag. Samstundes vil godt arbeid med vurdering for læring, oppfølging av læringsprosessar og god kvalitetssikring av standpunktvurderingane motivere elevane til å arbeide jamt med faga. I neste hovudpunkt vert tidspunkt for fastsetting av standpunktarakterar diskutert.

Dersom standpunktkarakterar vert sette seinare på skuleåret, er det også ein motivasjon for elevane til å jobbe vidare med faga som ikkje er trekt ut til eksamen.

Mener dere tidspunktet for offentliggjøring av trekk bør endres både for sentralt gitt og lokalt gitt eksamen?

Ja  Nei  Vet ikke

Svar : Ja

Mener dere trekket skal offentliggjøres felles for alle fag, eller mener dere det fortsatt skal være et skille mellom sentralt gitte og lokalt gitte eksamener?

Velg ett alternativ

Felles for alle  
 Skille mellom sentralt og lokalt gitte eksamener

Svar: Felles for alle

Kommentar: Skiljet mellom lokalt gitt og sentralt gitt eksamen er ikkje noko som elevar og privatistar er kjende med. Elevar har fokus på om det er ein skriftleg eller ein ikkje-skriftleg eksamen det er snakk om. Det er også enklare for elevane å halde seg til ein dato for offentliggjøring av trekk.

Vil forslaget føre til andre økonomiske eller administrative konsekvenser?

Ja  Nei  Vet ikke

Svar: Nei

- 3) **Standpunktkarakterar vert ikkje lenger sett før lokalt gitt eksamen er gjennomført. Det er forslag om fleire alternative endringar, m.a. at standpunktkarakterar skal setjast seinast dagen før fellessensurmøtet, samstundes som eksamenskarakterane ved lokalt gitt eksamen ikkje kan offentliggjeras før etter fellessensurmøte.**

Vil en endring i bestemmelsen i forskrift til opplæringsloven § 3-18 om fastsettelse av standpunktkarakter i fag med lokalt gitt eksamen bidra til at årstimetallet i fag i større grad oppfylles?



Ja



Nei

 Vet ikke

Legg til kommentar

Svar: Ja

Kommentar:

Dersom standpunktkarakterar ikkje vert sett før lokalt gitt eksamen er gjennomført, vil det bidra å halde oppe elevane sin motivasjon for å gjere ein innsats i faga også i siste del av skuleåret.

Vil det være en god løsning at eksamenskarakterene ved lokalt gitt eksamen ikke kan offentliggjøres før etter fellessensurmøtet, og at standpunktkarakter i alle fag skal fastsettes før dette møtet?



Ja



Nei

 Vet ikke

Legg til kommentar

Svar: Ja

Med denne endringa vil i praksis lokalt gitt skriftleg eksamen også få fellessensur.

Det er viktig med god grunngjeving, for standpunktkarakter kan bli påverka av eksamenskarakter.

Karakter for lokalt gitt eksamen vert gjort offentleg etter fellessensur.

*Alle skriftlege eksamenar, både lokale og sentrale, blir arrangerte i Utdanningsdirektoratet si eksamensteneste PAS. I PAS er det same fristar for offentliggjeriing av sensur for både lokal og sentral eksamen. Sidan skiljet mellom lokal og sentral skriftleg eksamen ikkje er noko som har praktisk meining for elevar og privatistar, vil det vere føremålstenleg at sensuren blir kunngjort samstundes. Når det gjeld ikkje-skriftleg lokal eksamen er det truleg best at sensuren blir kunngjort til kandidaten når eksamen rett etter at eksamen er gjennomført.*

Vil forslaget føre med seg andre økonomiske eller administrative konsekvenser?



Ja



Nei

 Vet ikke

Legg til kommentar

Svar: Ja



**Kommentarar:**

Endringane kan føre til komprimert tidsrom for klagebehandling. Det kan gje auka arbeidspress på dei fylkeskommunale klagenemndene i ein periode.

Når eksamens- og standpunktkarakterar får om lag same offentleggjeringsdato, vil det vere enklare å kommunisere ut tidspunkt for offentleggjering.

- 4) Det er ikkje naudsynt at skuleåret varer i 38 veker, så lenge all opplæring vert gjennomført. Det er gjort framlegg om fleire alternativ til endring.

Vil en endring av bestemmelsen om skoleårets varighet i opplæringsloven § 3-2 i større grad gjøre det mulig å oppfylle årstimetallet for eksamenstiden begynner?

 Ja Nei Vet ikke

Svar: Ja

**Kommentar:**

Fylkesrådmannen er positiv til ei meir fleksibel løysing med omsyn til lengda på skuleåret, fordi det gjer det mogleg å gjennomføre undervisninga i ein komprimert periode.

Hvis ja, hvilket av disse alternativene foretrekker dere?

Velg ett alternativ

- Alt 1: Opplæringen skal strekke seg over minst 36 uker innenfor en ramme på 45 sammenhengende uker
- Alt 2: Skoleåret skal ikke strekke seg over mer enn 45 uker
- Alt 3: Opplæringen skal strekke seg over minst 180 dager. Elevene skal ha minst sju uker sammenhengende ferie.
- Alt 4: Annet

Svar: Alt 3 : Skuleåret skal strekke seg over minst 180 dagar. Elevane skal ha minst 7 veker samanhengande ferie.

Kommentar: Dette vil gje skulane større handlingsrom og gode vilkår for lokale tilpassingar, men det er viktig at skuleeigar sikrar at ein slik fleksibilitet vert forvalta på ein god måte på skulane.


**Iverksetting**

Støtter dere vår vurdering av når endringene kan tre i kraft?

 Ja Nei Vet ikke

Svar: Ja

Har dere innspill til andre endringer som kan bidra til at årstimetallet i større grad oppfylles?

 [Legg til kommentar](#)

Svar: Nei